



# MØTEBOK

**Møte: 4-2024**  
**Møtedato: Onsdag 4.9.2024**  
**Møtestad: Bremnes kyrkje**  
**Tid: 17.00**

Desse møte:

Torleiv Fylkesnes, Asbjørn Esperø, Rune Sivertsen, Sverre Leon Larsen, Solveig Eikeland, Lars Gunnar Ersland (kom. rep.) Asbjørn Gundersen og Trygve Leigland

Desse møtte ikkje:

Odd Ingvar Nilsen, Rolf Magne Skippervik og Hildegunn Lodden Stautland. Det lukkast ikkje å få inn vara.

Møtet starta med synfaring på Fagervoll gravplass og Bremnes kyrkjegard kl. 16.30.

Det vart gjeve ei kort orientering på dei ulike gravplassane.

Møte held fram i Bremnes kyrkje frå ca. kl. 17.00

## **2024-04-01 GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE**

Godkjent

## **2024-04-02 GODKJENNING AV MØTEBOK 3 – 2024**

Møtebok 3 – 2024 vart godkjent utan merknadar.

## **2024-04-03 MELDINGAR OG SKRIV**

1. Det vart gjeve ei kort orientering om at rekneskapsføringsavtalen med Azets vart sagt opp før sommaren. Ein har dermed hausten på seg til å komme inn på nye program for meir «eigenføring».
2. Det vart orientert kort om ei vellukka storsamling for råd og tilsette i Bømlo kyrkje. Tanken er at ei slik samling skal bli årleg. Fleire positivt tilbakemeldingar.
3. Det vart sendt ut eit tilleggssak i forkant møte i tilknytning til kandidat til landsrådet i KA. Namn som kom opp og som ein ynskje å utfordre var Hildegunn Lodden Stautland og Sissel Steinsland Gåsland.

## **2024-04-04 KVARTALSRAPPORT 2. KVARTAL 2024**

Kvartalsrapporten for 2. kvartal vart kort gjennomgått av kyrkjeverje der nokre særskilde postar vart presisert jf. sakspapira.

Det var gjeve uttrykk for at ein nok har budsjettert for optimistisk i forhold til festeavgifter. Vidare ser ein at ein har klart å halda igjen, og at ein ligg tett opp mot budsjett.

**Vedtak:**

Kyrkjeleg fellesråd tek rekneskapsrapporten for 2. kvartal 2024 til vitande.

## **2024-04-05 DRIFTSBUDSJETT 2025**

Det vart gjeve ei kort orientering om foreslått driftsbudsjett. Nokre viktig punkt å merke seg:

- Budsjettet er sett opp med faktisk behov, men svært nøkternt i forhold til vedlikehald av kyrkjer.
- Moment som er forsøkt teke med i forhold til kyrkjegardsdrifta er endringar knytt til opning av graver. At ein skal sjå på løysingar med å gjennomføre dette sjølv. Vidare innsparing med robotklypparar på fleire av kyrkjegardane.
- Behovet for kyrkjetenarstilling i gravferder.

**Vedtak:**

**Bømlo kyrkjelege fellesråd vedtar driftsbudsjett i samsvar med «Budsjett 2025» med ei totalramme på kr 18.390.000 inkl. finansielle utgifter og inntekter.**

**2024-04-06 SØKNAD OM 20% PERMISJON**

Kyrkjeverja forlèt møte.

**Vedtak:**

**Bømlo kyrkjelege fellesråd vedtek å gi kyrkjeverje 20% permisjon fram til 31.8.2025**

**2024-04-07 FULLMAKT TIL FORMANN FOR LØNNSFORHANDLING MED KYRKJEVERJE**

**Vedtak:**

**Bømlo kyrkjelege fellesråd vedtek å gi formann i fellesrådet fullmakt til lønnsforhandling og fastsetjing av løn til kyrkjeverja.**

Kyrkjeverja kom tilbake i møte.

---

Torleiv Fylkesnes  
leiar

---

Trygve Leigland  
kyrkjeverje